

STRANDSTADEN OG SANDVEN HOTEL

Det er på garden Sandvens grunn, ein av dei største gardane i Hardanger i mellomalderen, at strandstaden har vakse fram. Alt i høgmellomalderen hadde bøndene frå Steinsdalen fått setja opp sine naust her. Frå slutten av 1700-talet tok oppsittjaren KNUT GROVI til med litt småhandel, reipslageri og tjørebrenning, men det var først då jakteeigaren NILS SJURSON SKUTLABERG slo seg ned her i 1844, at strandstaden byrja å ta form. Han sette seg opp sjøbu og krambu i 1850, og fekk landhandlarbevilling i 1857. Det gav han også rett til å halda gjestgjeveri og skyssstasjon, og dermed var grunnen lagd for det som seinare vart til SANDVEN HOTEL. Nils Skutlaberg tok namnet Sandven og vart ein retteleg bygdemataror: Tingstaden vart flytta frå Øystese til «landhandleriet Sandven» og her vart det stoppestad då den nye dampskipssamferdsla tok til i 1861–62. Då kom også namnet NORHEIMSUND inn som namn på strandstaden – namnet på sundet ved garden Norheim.



Sandven hotel, eitt av dei større sveitserhotella som enno står i sin opphavlege stil, vart bygt i 1897.

HARDANGER FARTØYVERNSENTER (HFS)

i Norheimsund er eit maritimt kultursenter av internasjonal format. Senteret driv med restaurering av verneverdige fartøy, museum, vidareføring av gamle maritime handverk, fagopplæring, barnevernsarbeid, maritim leirskule og reiseliv. HFS er eitt av tre nasjonale fartøyvernssenter utpeika av Riksantikvaren (1996). Senteret har sitt utspring i restaureringa av hardangerjakta Mathilde som har ei aktiv drift med HFS som base.



Norheim, «garden ved det tronge sundet», er nemnd i mellomalderdiplom og skifte. Det er ein av dei store gardane i Hardanger som bøyrdte til mellom dei mektige stormannsettene: Sandven i Kvam, Torsnes i Jondal, Aga i Ullensvang og Spånheim i Ulvik.



Norheimsund sett frå Tolo kring hundreårsskiftet. Garden Norheim til høgre. Til venstre Sandven hotel.

I mellomalderen hadde NORHEIM eit stort jordegods: Vines, Sekse, Espe, Alvsåker, Hesthamar, Kjerland, Tveit, Bu, Nesheim, Ålvik, Nesthus, Skutlaberg, Gørvingasetr og Hallaråker. Så langt attende ein kan følgja garden, har Norheim vore delt i to bruk; i 1640 var desse delte i to nye bruk, og i 1900 hadde indre og ytre Norheim eit folketal på 139. Den eldste røykstova som står att på garden, har hatt rundboga dører og skriv seg kanskje frå seinmellomalderen. Stova ber merke etter å vera teken ned og sett opp att. Like ved stod ei liknande røykstove som vart riven kring 1880. Denne stova vart måla av TIDEMAND i 1867 og i 1873. I løa er det 7 store hjørnestavar, med spretthogd fiskebeinsmønster; kanskje frå eit huskapell som det på Aga. Biskop NEUMANN, som vitja

Norheim i 1825, fortel om «12 canellerete søiler» som etter segna skulle vera tiltenkt ei kyrkje. □



TOKAGJELET

I 1871 vart det bygt ferdig kjøreveg gjennom Steinsdalen frå Norheimsund, og frå 1885 vedtok fylkestinget å løyva pengar til veganlegget Tysse-Norheimsund. Eitt av dei vanskelegaste avsnitta på vegen var dei 3 kilometrane gjennom TOKAGJELET. Her laut vegen sprengjast ut or fjellet i tunnelar eller halvtunnelar; eit dristig og krevjande vegprosjekt.

Det første veganlegget i Tokagjelet stod ferdig etter 22 år, i 1907. No kunne ein koma frå Bergen til Norheimsund på 9 timar: først 1 1/2 time med toget til Trengereid og så 7 1/2 time med hesteskyss derifrå. Hoteleigar NILS N. SANDVEN kjøpte i 1909 ein firesylindra «Windhof». Med den kjørte han Norheimsund-Trengereid på 3 timar. I 1990-åra er den eldste vegen gjennom Tokagjelet sett i stand som sykkelveg.